# Referat

## Kommunalsjefgruppa - helse og omsorg

**Møte:** **1 - 2018**
**Dato/tid:** **2.februar, kl. 09 - 15**
**Stad:** **Møterom Regionrådet**
**Til stades:** **Olav Mongstad, Ingebjørg Søreide, Ove Sæbø, Heinz Diehl, Helga Ellingsen, Leni Dale(frå kl. 11), Helge Kvam og Anne Hildegunn Færøy**
**Sak 03/18 Roar Hansen og Rune Heradstveit**
**Forfall:** **Nina Kvamme og Mette Fauskanger**
**Møteleiar:** **Helga Ellingsen**
**Referent:** **Anne Hildegunn Færøy**

| Saksnr | Saker | Vedlegg |
|---|---|---|
| 01/18 | **Godkjenning av møteinnkalling og saksliste**<br>Godkjent utan merknader | |
| 02/18 | **Godkjenning av referat frå møte 17.november 2017**<br>Godkjent utan merknader | |
| 03/18 | **Prosjekt *Bedre Sammen* - innovasjon og kompetansebygging**<br>Olav Mongstad orienterte bakgrunn for eit forskingsprosjekt for å utvikle, teste ut og evaluere modell for teambasert simuleringstrening for tilsette i sjukeheim.<br>Prosjektperiode: 01.01.19-31.12.21<br>Prosjektideen er m.a. basert på at framtidas kompetanseheving i kommunehelsetenesta i større grad må skje desentralisert, vere skreddarsydd lokale føresetnader og skje i og gjennom faktiske arbeidslag/-team på arbeidsplassen.<br>Austrheim og Masfjorden kommunar skal vere pilotar i prosjektperioden, men det er eit ønske og mål at metoden skal spreiast regionalt og evt nasjonalt.<br>Prosjektet er eit samarbeid mellom Austrheim, Masfjorden, Høgskulen på Vestlandet, Senter for omsorgsforskning Vest, Institutt for sykepleie, SimArena, Sykepleierforbundet, KS, USHT Vest, VID og Mohn senteret for Innovasjon. Det er sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå alle interessentar.<br>Roar Hansen, Senter for omsorgsforskning Vest orienterte om prosjektets mål og plan for gjennomføring.<br><br>Det er under utarbeiding søknad til Forskingsrådet for å få finansiert prosjektet. Austrheim kommune står som søkjar og prosjekteigar. PP med meir informasjon om prosjektet er vedlagt.<br>Utover pilotkommunane sin innsats er det ønske om at kommunane i NH og NUI bidrar til:<br>• spreiing av informasjon i interkommunale, regionale og nasjonale samarbeidsstrukturar/-nettverk der kommunane er sentrale aktørar<br>• utforska og arbeida for å realisera ei utviding av «Nordhordland Kursregion» til også å omhandla helsesektoren.<br><br>Olav Mongstad viste til at det er ønska at NUI får ein rolle i vidare arbeid med prosjektet, særleg retta mot ei eventuell utviding av kursregionen.<br><u>Konklusjon:</u><br>Kommunalsjefgruppa ser dette som eit godt tiltak og vil tilrå at kommunane støttar prosjektet, samt forslag om å arbeida for å utvida kursregionen og at NUI får ei rolle i dette arbeidet. | NH om Bedre sammen.pptx |

| | | |
|---|---|---|
| 04/18 | **Tenesteavtalar - status og vidare forankring**<br>• Avtale 4<br>• Avtale 8 - vedlagt svar vedr. usemje mellom partane<br>• Særavtale til avt. 7- lærlingordninga<br>• Pandemiavtale?<br>Gruppa fekk ei kort orientering om status for arbeidet og at dette blir sak i Samarbeidsutvalet 23. februar. | |
| 05/18 | **Oppfølging sak 42/17 - Status for fagråd og nettverk**<br>Anne Hildegunn har innhenta referat frå møter i ulike fagråd og nettverk for 2017, men manglar tilbakemelding frå Fagrådet for PLO.<br>Gruppa drøfta om referat skal sendst til kommunalsjefgruppa. Kan evt. kommunalsjef som har leiar i nettverket tilsett i sin kommune sende referat frå nettverk/fagråda sine møter til kommunalsjefgruppa?<br><br>Kommunalsjefgruppa er samd i at ein ikkje vil gjere noko for å aktivere PLO nettverket – opplever at dei ikkje finn si rolle. Grunnen kan vere at dei har ulike rollar, kompetanse og ansvarsområder i kommunane. Pr i dag har me ikkje oppgåver til dette nettverket – kanskje fordi kommunalsjefar har meir ansvar for totalen. | |
| | **Lunsj og open time** | |
| 6/18 | **Velferdsteknologiprosjektet**<br>Helga Ellingsen orienterte om status for arbeidet. Planprogrammet er sendt ut. Rådmann i Masfjorden(Vertskommune) ønskjer at komm.sjefgruppa skal ha ei rolle i vidare arbeid Neste steg: Anskaffelse/Anbudsprosess. Masfjorden kommune kan ikkje sjå at dei har tatt på seg ansvar for dette, og vil føreslå at Osterøy som vertskommune for IKT NH er søkjarkommune og ivaretar ansvar for anbodsprosess gjennom IKT NH.<br>Det vert stilt spørsmål ved kommunalsjefgruppa si rolle ifht prosjektet - slik prosjektorg. er bygd opp er det blitt slik at kommunalsjefnivået ikkje har ei formell rolle i prosjektet. Kva betyr det for prosjektet og den enkelte kommune si involvering og styring?<br><br>Tankar om gevinstrealisering:<br>• Måleparameter kan være: auka livskvalitet + tall timar som ein kan redusere tenester med.<br>• Verktøy for måling/skåringssystem - legg ved skjema Norsk Rand_36 som Heinz viser til.<br>• Olav viser til at PowerSim - kan vere eit verktøy som kan vere til hjelp i å vurdere gevinstar ved bruk av teknologi.<br>• Det vart stilt spørsmål vedr. «nullmålinga» som er sendt til kommunane. Dette er det utfordrande å svare på. Problem med at det kan vere mange feilkjelder her. Dette gjeld ikkje alle kommunane | Norsk RAND-36.pdf |
| 7/18 | **Avklaring tid for fellesmøter med kommuneoverlegane**<br>Oppfølging etter fellesmøte i januar<br>Forslag til dato for neste fellesmøte: 20. april<br>Info vedr. arbeid med Prehospital plan- ønske om at dette blir tema på fellesmøte. | |
| 8/18 | **Prosjekt – Samarbeid innan psykisk helse og rus - 2016 – 2018.**<br>Leni og Dag tar ansvar for å ferdigstille søknaden og sende den ut på høyring til alle i styringsgruppa for innspel før den sendes inn. Gruppa tar ikkje ekstra møte på dette, fordi alle har vedtatt at me skal delta i felles prosjekt. | |
| 9/18 | **Nettverk i kreftomsorg og lindrande behandling i Helse Bergen.**<br>Val av ny repr. til styringsgruppa etter at Mette Fauskanger har slutta.<br>Forslag frå kommunalsjefgruppa at Nina Kvamme går inn som kommunane i NH sin repr. i denne styringsgruppa.<br>Forslag til kandidat vert meldt til SU. | Referat_styringsgruppen_nettverk_Berge |
| 10/18 | **Meldingssaker / eventuelt** | |